

Høyringsvar fra Karmøy kommune

Dette høyringsvaret til Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 «Den store forskjellen. Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse» er skrivne ut fra kommunen sine utfordringar og befolkningsamansetning.

Karmøy kommune meiner at kvinnehelse er svært viktig. Gjennom å sikre god kvinnehelse kan ein i lokalsamfunnet oppnå effektar som betra livskvalitet, redusert sjukefråvere, fleire kvinner i arbeid og betre helse for barn og andre samfunnsgrupper.

Karmøy kommune er einig i at tiltak på systemnivå som er integrerte i tenestane er naudsynte for å betre kvinnehelsa, både nasjonalt og lokalt. Kommunen meiner at det er avgjerande at Kvinnehelseutvalet sitt arbeid vert følgt av målretta strategi og tilstrekkeleg ressursar til dei føreslåtte tiltaka.

Prioritering av tiltak sett frå Karmøy kommune sitt perspektiv:

Den kommunale helsetenesta og fastlegeordninga må styrkast
Karmøy kommune er einig i kvinnehelseutvalet sitt premiss om at «en godt fungerende kommunehelsetjeneste er en forutsetning for å sikre kvinner gode helsetjenester uavhengig av bosted og økonomi». Til like med mange andre norske kommunar opplever Karmøy kommune store utfordringar med å sikre innbyggjarane stabil tilgang til naudsynte helsetenester over tid. Særleg opplever kommunen vanskar med å få til god fastlegedekning og å rekruttere andre typar sentralt helsepersonell innan helse- og omsorgstenestene. Ut frå kommunen sitt behov er altså det føreslåtte tiltak 12 «Sikre befolkningen tilgang til gode helsetjenester uavhengig av bosted og økonomi» svært viktig. Kommunen støttar difor utvalet si anbefaling om prioritere finansiering for ei godt fungerande kommunehelseteneste og utdanning av tilstrekkeleg helsepersonell.

Samordning og kunnskap-tiltak

Kvinnehelseutvalet påpeikte utfordringar som gjaldt å sikre gode helsetenester over tid. Kontinuitet i relasjonen mellom behandlar og pasient er ofte grunnleggande for å oppnå gode behandlingresultat. Karmøy kommune støttar difor tiltak 10 til 23 som gjeld samordning i og mellom tenester og kunnskapsbrua. Kunnskapsbrua betyr overføring av kunnskap frå forskning og kunnskapskjelder til praksis. Karmøy påpeiker særleg tiltak 15 «Gjennomgå og oppdatere nasjonale retningslinjer for sykdommer og helsetilstander som rammer kvinner» og tiltak 14 «Å innlemme kjønnsperspektivet» i rettleiarar for helsepersonell og andre. For å få til dette, er godt kunnskapsgrunnlag frå forskning m.m. naudsynt.

Eitt av de viktigaste måla i folkehelsearbeidet er å redusere ulikheter i helse, inkludert kjønnsforskjellar. Difor er også tiltak 23 «Øke helsekompetansen til ulike befolkningsgrupper» relevant for å auke helsekompetansen for sårbare befolkningsgrupper i kommunen, slik som minoritetspråklege og eldre.

Særleg sårbare grupper –tiltak

Karmøy kommune har enkelte sårbare og ressursvake grupper i befolkninga og er difor særleg opptatt av å styrke desse. Kommunen ønskjer gode lågterskeltilbod og livsløpsperspektiv på tenestene. Såleis støttar kommunen tiltak 41 «Styrke lavterskeltilbudet for mødre helse i kommune- og spesialisthelsetjenesten». Særleg flyktingar og innvandrarkvinner treng lågterskeltilbod som fangar behova dei har. Men det finst også andre sårbare grupper innan svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga. Ei særleg utsett gruppe er (konf. tiltak 44) papirlause gravide, som kommunen støttar at får rett til gratis helsetenester under svangerskap, fødsel og barsel. Karmøy kommune vil også påpeike at unge kvinner i rusutsett miljø kan vere ei sårbar gruppe. Desse treng tilpassa lågterskeltilbod. Kjønnsmangfald betyr at det finst fleire

kjønnsidentitetar enn kvinne og mann. Karmøy kan oppfattast som eit tradisjonelt samfunn og Karmøy kommune meiner det er relevant at Kvinnehelseutvalet tok med temaet kjønns mangfald i sin NOU.

Særlege livsfase-tiltak

Barn og unge

Karmøy kommune meiner at å ivareta kvinner, inkludert sårbare grupper av kvinner, under svangerskap og barsel, vil ha gunstige effektar også på barn si helse, sjå innspel ovanfor. I tillegg meiner kommunen at tiltak 28 «Prioritere arbeidet med å gjøre helse- og omsorgstjenesten bedre i stand til å forebygge, avverge og avdekke vold og overgrep mot barn» og tiltak 29 «Styrke helsestasjon for ungdom og skolehelsetjenesten» er gode og relevante verkemiddel. Unge kvinner rapporterer om fleire psykiske plagar enn før. På ungdomstrinnet ligg Karmøy kommune noko over landsgjennomsnittet når det gjeld opplevd mobbing, einsemd, og noko under når det gjeld trivsel på skulen. Enkelte barn og unge fell utanfor fellesskapet. Ofte kan dei ha lite sosialt nettverk, dårleg økonomi i familien, meir trøblete forhold til skulen, dårligare psykisk helse og dei kan hyppigare få problem seinare i livet. Andel låginntektsfamiliar i kommunen aukar. Alle desse utfordringane er relevante for lågterskeltilbud. Kommunen er bekymra for hyppigheit av spiseforstyrningar, psykiske plager, vald og overgrep, og sjølv mord blant ungdom. Mange av desse utfordringane kan oppdagast på helsestasjon for ungdom eller andre lågterskeltilbud. Det er også utfordringar som gjeld psykisk vald eller utestenging i sosiale medier. Kommunen støttar også utvalet si tilråding om auka satsing på digitale lavterskeltilbud for ungdom med psykiske plager.

Kvinner i etableringsfasen

Karmøy kommune meiner at tiltak 40 «Sikre trygg og god svangerskaps-, fødsels- og barseloppfølging uavhengig av bosted» er viktig. For å få til dette, meiner kommunen at det er viktig å gjere effektive tiltak for å sikre nok og tilstrekkelig kompetent helsepersonell.

Midt i livet

Middelaldrande kvinner utgjer ein vesentleg del av den totale arbeidsstyrken, både når det gjeld lønna arbeid og ulønna omsorgsarbeid. Kvinner møter også helse- og omsorgstenestene som pårørande. Karmøy kommune støttar føreslåtte tiltak som skal betre kvinnehelsa i denne perioden. Dette gjeld særleg tiltak 10 til 23 skildra i avsnitt «Samordning og kunnskap» ovanfor.

Eldre

Kommunen syner til avsnittet «Kommunal helseteneste og fastlegeordninga» over. Kommune-Noreg har grunn til bekymring når det gjeld å oppretthalde dekning og kvalitet på helse- og omsorgstenester dei kommande tiåra. Når no kommunen får stadig større aldrande befolkning («eldrebølgja»), meiner Karmøy kommune at tiltak 55 «Sikre geriatrisk kompetanse i helse- og omsorgstjenesten» og tiltak 56 «Innføre retningslinjer for helse- og omsorgspersonell som sikrer at alle eldre pasienter blir spurt om de har erfaring med vold eller overgrep» er viktige. Kommunen støttar også tiltak 60 «Kvalitetsutviklingsprosjekt for å sikre verdighetsbevarende omsorg ved livets slutt».

Oppsummering

Karmøy kommune meiner at å sikre ei god kommunal helseteneste og god fastlegedekning i framtida er sentralt for å kunne ivareta kvinner si helse. For å få til dette, bør det kome sterke statlige føringar som forenkler og styrker rekrutteringsarbeidet for kommunane, og tiltak som sikrar kontinuitet og stabilitet i tenestane. Dessutan meiner kommunen at dei andre tiltaka som er framheva i dette høyringssvaret, bør prioriterast i det komande arbeidet med strategi for betre kvinnehelse. Det bør setjast av tilstrekkeleg med ressursar til dei foreslåtte tiltaka på nasjonalt nivå.